

Øygarden kommune
Tenestestandard for pleie og omsorgstenester



TENESTESTANDARDAR
FOR
PLEIE- OG OMSORGSTENESTER
I
ØYGARDEN KOMMUNE
VEDLEGG TIL PLEIE- OG OMSORGSPLAN

Vedteke i kommunestyret
13. juni 2007
KS-sak 035/07

Øygarden kommune
Tenestestandard for pleie og omsorgstenester

INNHALD

Side	
	Innleiing 3
	Kontakt for informasjon og søknadsskjema 3
	DEN EINSKILDE TENESTESTANDARD:
	1. Personretta tenester – heimesjukepleie 4
	2. Praktisk bistand og opplæring – heimehjelp 6
	3. Støttekontakt 8
	4. Avlasting for funksjonshemma barn og unge 9
	5. Omsorgsløn 10
	6. Tryggleiksalarm 11
	7. Tekniske hjelpemidlar 12
	8. Korttidsplass / avlastingsplass i institusjon 13
	9. Langtidsplass i institusjon 15
	10. Dagtilbod for eldre 17
	11. Dagtilbod for funksjonshemma 18
	12. Psykiatritenesta 19
	13. Brukarstyrt personleg assistent 21
	14. Matombringing 22
	15. Trygde- og omsorgsbustadar 23
	16. Ambulerande vaktmeister 24
	17. Ergoterapi 25
	18. Fysioterapi 27

TENESTESTANDARD

Innleiing

1. Definisjon

Ein tenestestandard definerer kva innhald, omfang og kvalitet tenestemottakar kan forventa. Standarden er det fagleg semje om i kommunen, og den fyller lova sine minstekrav i høve personar som har rett på hjelp.

2. Generelt

Reglane om standarden på tenestene er rettleiande. Dei er ikkje juridisk bindande for kommunen. Grunnlaget for standarden kan verta endra i samsvar med lov eller kommunale vedtak.

3. Lovgrunnlag for tenesta

3.1 Generelt om lovgrunnlaget for omsorgstenestene

Pleie- og omsorgstenestene er heimla i Lov om sosiale tenester (LOST) og Lov om helsetjenesten i kommunene (KHL). Den einskilde sin rett til teneste framgår av LOST § 4-3 og KHL § 2-1. LOST § 4-3: ”De som ikke kan dra omsorg for seg selv, eller som er helt avhengig av praktisk eller personlig hjelp for å greie dagliglivets gjøremål, har krav på hjelp etter § 4-2 bokstav a-d”. KHL § 2-1, 1. ledd: ”Enhver har rett til nødvendig helsehjelp i den kommune der han eller hun oppholder seg”.

3.2 Sakshandsaming og brukarmedverknad

Sakshandsaming er i hovudsak regulert av Forvaltningslova sine reglar i kap. 4 om enkeltvedtak (vedtak retta mot enkeltpersonar). Det er også reglar for sakshandsaming i LOST, m.a. § 8-4 som seier at omsorgstenesta skal rådføra seg med tenestemottakar ved utforming av tenestetilbodet.

3.3 Teieplikta

I lovverket er det reglar som pålegg alle tenesteytarar teieplikt om alt dei får kjennskap til i samband med utøving av tenesta. Alle tilsette må stadfesta teieplikta ved tilsetjing.

KONTAKTAR for informasjon og søknadsskjema ved behov for pleie- og omsorgstenester:

	ADRESSE	TELEFON
Ekspedisjonen Kommunehuset	5336 Tjeldstø	56 38 20 00
Ekspedisjonen Helse- og tenestesenteret	5337 Rong	56 38 20 00
Ekspedisjonen Tednebygg omsorgssenter	5337 Rong	56 38 23 00

TENESTESTANDARD FOR PERSONRETTE TENESTER - HEIMESJUKEPLEIE

1	Tenesteområde for standard	Heimesjukepleie – Pleie og omsorg utanfor institusjon
2	Mål for tenesta	<ul style="list-style-type: none"> • yta heilskapleg teneste i høve tenestemottakarar sine fysiske, psykiske, åndelege og sosiale behov • leggja til rette for god livskvalitet så langt råd er, og hindra at svikt oppstår og utviklar seg
3	Målgruppe	Personar som bur eller mellombels oppheld seg i Øygarden kommune, treng og har rett til tenesta.
4	Tenestetilbodet er døgkontinuerlig og kan innehalde	<ul style="list-style-type: none"> • personleg stell og pleie • medisindosering, sprøytesetting og oppfølging • sårstell • tilretteleggjing og hjelp ved måltider • oppfølging etter sjukehusopphald • oppfølging etter legebesøk • bistand til søknad om ulike hjelpemiddel • omsorg for døyande
5	Kriterier	<ul style="list-style-type: none"> • underskreven søknad frå søkjar, eventuelt v/ hjelpeverje/pårørande • søkjar treng helsehjelp • søkjar må bu eller opphalde seg i kommunen
6	Pris	Tenesta er gratis
7	Søknad/sakshandsaming	<ul style="list-style-type: none"> • brukar eller pårørande kan ta kontakt på telefon eller søkja på søknadsskjema • søknadsskjema får ein ved å henvenda seg til heimetenesta, på sørviskontoret på kommunehuset eller på kommunen si internettside • det vert avtala heimebesøk for vurdering av behov • tenesta sitt innhald blir gitt etter individuell og fagleg vurdering i samarbeid med brukar og aktuelle samarbeidspartnarar
10	Klage	<ul style="list-style-type: none"> • klage på vedtak kan sendast kommunen innan 3 veker • heimetenesta kan hjelpa til med utforming av eventuell klage • Første klageinstans: Kommunalt klageorgan • Andre klageinstans: Fylkesmannen i Hordaland
11	Sørviserklæring	<p>Tenesteytar forsikrar</p> <ul style="list-style-type: none"> • at ein fagperson kontaktar brukar så snart som mogleg etter motteke førespurnad og seinast

Øygarden kommune
Tenestestandard for pleie og omsorgstenester

		<p>innan dagen etter henvendinga</p> <ul style="list-style-type: none"> • at tilsette møter brukar og pårørende med respekt • at tilsette overhald teieplikta • at brukar vert orientert pr. telefon dersom tenesteytar blir meir enn 60 minutt forsinka ut i frå avtalt tid • at personalet viser legitimasjon dersom brukar ynskjer det <p>Brucar har ansvar for å</p> <ul style="list-style-type: none"> • melda frå ved endring i hjelpebehovet, ved innlegging i institusjon eller er bortreist • oppgje namn på den som skal være næraste pårørende • utføra sjølv dei oppgåvene han/ho klarer • medverka til at tenesteytar har eit forsvarleg arbeidsmiljø, til dømes leggja til rette for og ta imot naudsynte tekniske hjelpemidlar • medverk til at tenesteytar har eit forsvarleg arbeidsmiljø med tanke på røyk, romtemperatur og liknande • handsam hjelpemidlane forsiktig og leverer dei tilbake i stand • møt dei tilsette med respekt • respekter at personalet har teieplikt <p>Dersom sørsviserklæringa ikkje vert innfridd tilbyr heimetenesta møte med leiar for å avklara tenestetilbodet</p>
12	Tenesta omfattar ikkje	<ul style="list-style-type: none"> • transport • følgje til lege m.m (kan i spesielle høve vurderast) • vaksinerings • blodprøve (kan i spesielle høve vurderast) • fotpleie • frisør
13	Lover og retningsliner	Lov om helsetenesten i kommunene §§ 1-1 og 1-3
14	Tenesteytar	Sjukepleiar, vernepleiar, hjelpepleiar, omsorgsarbeidar

TENESTESTANDARD FOR PRAKTISK BISTAND OG OPPLÆRING - HEIMEHJELP

1	Tenesteområde for standard	Praktisk bistand og opplæring – heimehjelp
2	Kjenneteikn på tenestemottakar	Personar som har eit særleg hjelpebehov på grunn av sjukdom, funksjonshemming, alder eller andre årsaker.
3	Behov tenesta skal dekkja	<ul style="list-style-type: none"> - Hjelp til daglege praktiske gjeremål i heimen og i tilknytning til husholdinga - Hjelp til eigenomsorg og personleg stell - Opplæring i dagleg gjeremål
4	Mål for tenesta	<ul style="list-style-type: none"> - Yta heilskapleg teneste i høve tenestemottakar sine fysiske, psykiske, åndelege og sosiale behov - Leggja til rette for god livskvalitet ved å byggja opp under mottakaren sine ressursar og så langt råd er, og hindra at svikt oppstår og får utvikla seg
5	Lovheimel	Lov om sosiale tenester §§ 4-3, jf 4-2 a
6	Tenesta skal ha slik standard	<ul style="list-style-type: none"> • Tildeling av heimehjelp skjer etter individuell og fagleg vurdering. • Hjelpebehovet vert kartlagt etter standardskjema i samråd med tenestemottakar i heimen. • Hjelpetiltak vert samordna og formidla til aktuelle samarbeidspartar i samråd med mottakar. • Tenesta vert tildelt i enkeltvedtak. Det går fram av vedtaket kva teneste som vert ytt. • Tenestetilbodet omfattar m.a.: <ul style="list-style-type: none"> - reingjering som golvvask og støvtørking maks 1 gong pr veke - vindusvask inntil 2 gongar pr år - sengeskift - klesvask - matlaging og innkjøp • Tenestemottakar betaler abonnement eller pris per time kvar månad. Kommunestyret vedtek betalingssatsane.
7	Forventningar knytt til tenestemottakar / pårørande	<ul style="list-style-type: none"> • Tenestemottakar melder straks frå ved endring i hjelpebehov • Tenestemottakar er tilstades når hjelpa vert ytt • Tenestemottakar har til rådvelde naudsynt utstyr til reingjering som t.d. bømpe, filler, vaskemiddel, langkost med gumminal eller mopp, støvsugar med god effekt og heilautomatisk vaskemaskin dersom heimehjelpa skal ta klevasken • Tenestemottakar medverkar til at tenesteytrar har eit forsvarleg arbeidsmiljø med tanke på røyk, romtemperatur o.l. • Tenestemottakar har ikkje høve til å gi gåver til tenesteytrar • Tenestemottakar/pårørande oppgjev namn på næraste pårørande • Grunna omsyn til den tilsette kan manglande utstyr / dårlege arbeidstilhøve føra til at vedtak om heimehjelp vert trekt tilbake eller ikkje forlenga

Øygarden kommune
Tenestestandard for pleie og omsorgstenester

8	Søknad/sakshandsaming	<ul style="list-style-type: none">• Den daglege administrasjon av heimehjelp ligg til pleie- og omsorgseininga. Unntak: : For bebuarar på Ternholmsenteret er administrasjonen lagt til Barnevern og sosialeininga• Søkjar eller hjelpeverje/pårørande må skriva under søknadsskjema• Alle som søker vert kontakta innan av sakshandsamar innan 14 dagar• Klage på vedtaket kan sendast kommunen innan 3 veker. Dersom klagen ikkje vert teken til følgje er Fylkesmannen i Hordaland klageinstans
9	Tenesta omfattar ikkje	<ul style="list-style-type: none">• Transport• Følgje til lege (kan i spesielle høve vurderast)• Vedhogging• Hjelp til flytting• Nedvask/storvask av hus, lufting av store tepper o.l.• Klargjering og rydde etter gjestar og/eller familiebesøk• Pusse sølv, messing o.l.• Stryking• Fotpleie, frisør• Koking av middag
10	Tenesteytar	Heimehjelp, omsorgsarbeidar, hjelpepleiar, miljøarbeidar, vernepleiar, assistent

TENESTESTANDARD FOR STØTTEKONTAKT

1	Tenesteområde for standard	Støttekontakt
2	Kjenneteikn på tenestemottakar	Barn, unge og vaksne med fysisk eller fysisk funksjonshemming, psykiske eller sosiale vanskar, familie med samansette vanskar og rusmiddelbrukarar
3	Behov tenesta skal dekkja	Meiningsfull fritid og sosial kontakt.
4	Mål for tenesta	<ul style="list-style-type: none"> • At støttekontakten gjennom felles aktivitetar bidrar til å auke mottakaren si evne til å oppleve ting, meistre ulike situasjonar og auke trua på seg sjølv. • Kontakt og støtte skal vera på mottakaren sine premisser
5	Lovheimel	Lov om sosiale tenester § 4-2 c)
6	Tenesta skal ha slik standard	<ul style="list-style-type: none"> • Tildeling av støttekontakt skjer etter individuell og fagleg vurdering. Tenesta vert tildelt i enkeltvedtak • Rettleiande omfang er inntil 6 timar per veke • Støttekontakten har teieplikt • Nedre aldersgrense for støttekontakt er 18 år • Støttekontakten har plikt til å ta imot rettleiing • Støttekontakten skal framvisa politiattest • Tenesta er gratis
7	Forventningar knytt til tenestemottakar og pårørande	<ul style="list-style-type: none"> • Tenestemottakar skal melda frå til sosialavdelinga ved endring eller om behov for støttekontakt fell bort • Tenestemottakar betalar eigne kostnader og køyring til aktivitetar • Tenestemottakar/pårørande oppgjev namn på næraste pårørande
8	Søknad / sakshandsaming	<ul style="list-style-type: none"> • Søklar/pårørande eller hjelpeverje må skriva under på søknadsskjema • Alle som søker vert kontakta av sakshandsamar innan 3 veker • Den daglege administrasjon av støttekontaktordninga ligg til barnevern- og sosialeininga • Sakshandsamar vel ut støttekontakt saman med tenestemottakar • Klage på vedtak kan sendast kommunen ved Sosialavdelinga innan 3 veker. Dersom klagen ikkje vert teken til følgje, er Fylkesmannen i Hordaland klageinstans
9	Tenesteytar	Privat person utan spesiell fagbakgrunn

TENESTESTANDARD FOR AVLASTING FOR FUNKSJONSHEMMA BARN OG UNGE

1	Tenesteområde for standard	Avlasting for funksjonshemma barn og unge
2	Kjenneteikn på tenestemottakar	Personar og familiar som har eit særleg tyngjande omsorgs- arbeid
3	Behov tenesta skal dekkja	Avlasting frå særleg tyngjande omsorgsarbeid i heimen
4	Mål for tenesta	<ul style="list-style-type: none"> • Gi omsorgsytar høve til naudsynt og regelmessig fritid og ferie • Høve til å delta i vanlege og sosiale aktivitetar
5	Lovheimel	Lov om sosiale tenester § 4-2 b
6	Tenesta skal ha slik standard	<ul style="list-style-type: none"> • Tildeling av avlasting skjer etter individuell og fagleg vurdering • Tenesta vert tildelt i enkeltvedtak • Privat avlastingstiltak • Avlastingsbustad (Ternholmsenteret) • Tilskot til avlasting • Avlastaren har teieplikt • Ved private avlastningstilbod må politiattest framleggjast • Nedre aldersgrense for privat avlastar er 18 år • Privat avlastar har plikt til å ta imot rettleiing • Tenesta er gratis
7	Forventningar knytt til mottakar og føresette	<ul style="list-style-type: none"> • Omsorgsytar skal melde frå til sosialavdelinga ved endringar i omsorgssituasjonen • Føresette har ansvar for transport til/frå avlastningstilbodet. I spesielle høve kan det vurderast andre ordningar • Tenestemottakar dekkar eigne utgifter i samband med deltaking på fritids- og aktivitetstilbod
8	Søknad / sakshandsaming	<ul style="list-style-type: none"> • Søkjar/pårørande eller hjelpeverje må skriva under på søknadsskjema • Alle som søker vert kontakta av sakshandsamar innan 3 veker • Den daglege administrasjon av avlastingsordninga for barn og unge ligg til Barnevern- og sosialeininga • Sakshandsamar vel ut avlastar saman med mottakar • Klage på vedtak kan sendast til kommunen innan 3 veker. Dersom klagen ikkje vert teken til følge, er Fylkesmannen i Hordaland klageinstans
9	Tenesteytar	<ul style="list-style-type: none"> • Personell i avlastingsbustad (miljøterap., miljøarb.) • Privatpersonar utan spesiell fagbakgrunn

TENESTESTANDARD FOR OMSORGLØN

1	Tenesteområde for standard	Omsorgsløn
2	Kjenneteikn på tenestemottakar	Personar som har eit særleg tyngjande omsorgsarbeid
3	Behov tenesta skal dekkja	Oppretthalda eit friviljug og privat omsorgsarbeid i heimen
4	Mål for tenesta	Medverka til best mogleg omsorg for personar som treng hjelp i dagleglivet. Gjera det lettare for private omsorgsytarar å halde fram med omsorgsarbeidet.
5	Lovheimel	Lov om sosiale tjenester § 4-2 e)
6	Tenesta skal ha slik standard	<p>Tildeling av omsorgsløn skjer etter individuell og fagleg vurdering. Ved heimebesøk vert hjelpebehovet klarlagt etter kartleggingssamtale. Tenesta vert tildelt i enkeltvedtak. Ved tildeling vert det lagt vekt på følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Om omsorgsarbeidet er særleg tyngjande og har vart over tid • Om omsorgsarbeidet gjeld naudsynte omsorgsoppgåver • Om omsorg frå søkjaren er det beste for den som treng hjelp • Omfanget av omsorgsløn er minimum 3 timar per veke og maksimum 37,5 t pr veke • Minsteløn for heimehjelp vert lagt til grunn ved utmåling av omsorgsløn • Det må vera søkt om hjelpestønad før søknad om omsorgsløn vert handsama • Innvilga hjelpestønad har betydning for omfanget av omsorgsløna • Omsorgsløn vert utbetalt frå søknadsdato og er tidsgrensa
7	Forventningar knytt til mottakar/pårørande	Omsorgsytaeren skal straks melda frå ved endringar i omsorgssituasjonen
8	Søknad/sakshandsaming	<ul style="list-style-type: none"> • Søklar eller hjelpeverje/pårørande må skrive under søknadsskjema -Den daglege administrasjon av omsorgsløn ligg til Pleie- og omsorgseininga • Alle som søker vert kontakta av sakshandsamar innan 14 dagar • Klage på vedtak kan sendast til kommunen innan 3 veker. Dersom klagen ikkje vert teken til følgje, er Fylkesmannen i Hordaland klageinstans.
9	Tenesteytar	Private

TENESTESTANDARD FOR TRYGGLEIKSALARM

1	Tenesteområde for standard	Tryggleiksalarm
2	Kjenneteikn på tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none"> • Personar med sjukdom/funksjonshemming som bur åleine, og som ikkje kan nytte telefon i akutte situasjonar • Personar som har tendens til å falle
3	Behov tenesta skal dekkja	Kontakt med andre for naudsynt og kvalifisert hjelp
4	Mål for tenesta	<ul style="list-style-type: none"> • Tenestemottakar får naudsynt hjelp i ein akutt situasjon • Tenestemottakar kjenner seg trygg i eigen heim
5	Lovheimel	Ikkje lovpålagt
5	Tenesta skal ha slik standard	<ul style="list-style-type: none"> • Tildeling av alarm skjer etter individuell og fagleg vurdering etter heimebesøk • Mottakar får svar frå sentralen så snart råd er etter utløyst alarm • Hjelp er tilstades i heimen så raskt som mogleg, og seinast ein time etter utløyst alarm • Mottakar betaler abonnementspris kvar månad. Kommunestyret vedtek betalingssatsane • Tilkopling av alarm er gratis • Nøkkelboks vert lånt ut gratis av kommunen etter vurdering
6	Forventningar knytt til mottakar/pårørande	<ul style="list-style-type: none"> • Alarmen vert berre nytta når ein ikkje kan bruke telefon eller i akutte situasjonar • Nøkkelboks vert montert ved inngangsdøra • Tenestemottakar skaffar og betaler nøkkel som vert plassert i boksen • Meld straks frå til ved feil på alarmknapp eller apparat
7	Søknad/sakshandsaming	<ul style="list-style-type: none"> • Søkjar eller hjelpeverje/pårørande må skrive under søknadsskjema • Den daglege administrasjon av tryggleiksalarm ligg til Pleie- og omsorgseininga
8	Merknad	Apparatet må alltid vera tilkople telefon og straum for at det skal fungera

TENESTESTANDARD FOR TEKNISKE HJELPEMIDLAR

1	Tenesteområde for standard	Tekniske hjelpemidlar
2	Kjenneteikn på tenestemottakar	Personar med sjukdom, funksjonshemming eller skade der hjelpemiddelbehov er vurdert av kvalifisert personell
3	Behov tenesta skal dekkja	Kommunalt lager: <ul style="list-style-type: none"> • Enkle tekniske hjelpemiddel kan lånast ut til brukarar som treng det i akutte situasjonar i eit kortare tidsrom Hjelpemiddelsentralen (HMS-H): <ul style="list-style-type: none"> • Brukarar som har eit varig behov for hjelpemiddel kan få hjelp til å søke om varig utlån frå HMS-H
4	Mål for tenesta	Tekniske hjelpemiddel skal <ul style="list-style-type: none"> • Gjere personen meir sjølvhjulpen • Redusere faren for større funksjonstap • Lette arbeidsoppgåvene for omsorgspersonar / hjelpearar
5	Lovheimel	Lov om folketrygd § 10 Forskrift om habilitering og rehabilitering § 11
6	Tenesta skal ha slik standard	I ein akuttsituasjon eller for eit kortare tidsrom: <ul style="list-style-type: none"> • Tekniske hjelpemiddel som er på kommunalt lager i Helse- og tenesteseneteret (HTS) kan skaffast på dagtid mellom kl 08.00-15.30 ved å vende seg til sørviskontoret på Tjeldstø, ergoterapeuten på (HTS) eller pleie- og omsorgseininga på Tednebakkane omsorgssenter. • Ambulerande vaktmeister kan levera og montera hjelpemiddelet heime hos brukar • Hjelpemiddelet er forsvarleg reingjort før utlevering Hjelpemiddel for behov ut over 2 år kan ein søke om til NAV Hjelpemiddelsentralen avd. Hordaland. <ul style="list-style-type: none"> • Vurdering av behov og hjelp til søknad kan ein få av ergoterapeut eller anna kvalifisert personell. • Søknadskjema får ein frå NAV, Øygarden trygd • Mottaksstasjon for levering og tilbakelevering av hjelpemidlar frå HMS-H er i 1.etg. i HTS, Rong • Ambulerande vaktmeister kan etter avtale hjelpe med henting og bringing av hjelpemidlar mellom mottaksstasjon og brukar
7	Forventningar knytt til mottakar/pårørande	<ul style="list-style-type: none"> • Hjelpemiddelet må behandlast med varsemnd • Hjelpemiddelet skal leverast tilbake til mottaksstasjon i HTS når det ikkje lenger er i bruk • Hjelpemiddelet skal vaskast før det vert tilbakelevert • Dersom det er vanskar med tilbakelevering skal deet meldast til sørviskontoret, slik at det kan verta henta • Behov for reparasjon skal meldast til ergoterapeut
8	Søknad/saksbehandling	<ul style="list-style-type: none"> • Søknad om hjelpemiddel må underteiknast av søkjar eller hjelpeverge • Helse og legeeininga administrerer kommunalt lager og mottaksstasjon for tekniske hjelpemiddel

TENESTESTANDARD FOR KORTTIDSPASS / AVLASTINGSPLASS I INSTITUSJON

1	Tenesteområde for standard	Korttidsplass / avlastingsplass i institusjon
2	Kjenneteikn på tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none"> • <u>Korttidsplass</u>: Person som bur heime og som med årsak i sjukdom eller funksjonssvikt, har behov for opphald i institusjon i ei avgrensa tid. • <u>Avlastingsplass</u>: Person som til dagleg har omfattande hjelp og tilsyn frå familie der familien eller den som fører tilsynet treng ein friperiode for å greie å halde fram med hjelp og tilsyn.
3	Tenester institusjonen skal tilby	<ul style="list-style-type: none"> • Hjelp til å dekkje grunnleggjande behov • Vurdering av funksjons- og hjelpebehov • Høve til å delta i eit fellesskap. • Tilrettelegging for trivsel og tryggleik • Vedlikehald av – og kompensasjon for tapte funksjonar m.a. ved tilpassing av hjelpemidlar • Hjelp til å forstå sin nye livssituasjon • Lækjartilsyn og behandling
4	Mål for tenesta	<ul style="list-style-type: none"> • Førebyggje sjukdom/avgrensa fylgjene av sjukdom • Lindre lidingar • Skape tryggleik • Oppretthalda omsorgsevna hos familie/pårørande
5	Lovheimel	<p>Lov om sosiale tenester § 4-2 Lov om helsetjenester i kommunene § 1-3</p>
6	Tenesta skal ha slik standard	<ul style="list-style-type: none"> • Alle har mål og tiltaksplanar • Alle har primærkontakt • Opphaldet er tidsavgrensa • Hjelp til sjølvhjelp og bruk av eigne ressursar • Sjukepleiefagleg vurdering og oppfølging • Lækjartilsyn ved behov • Fysio- og ergoterapi etter tilvising • Tilgjengeleg personale heile døgeret • Samordning av kontakt med andre i hjelpeapparatet • Pleie, omsorg og behandling ved livets slutt • Ein- eller toensgrum med dusj og toalett • <u>Eigenbetaling</u>: <ul style="list-style-type: none"> - Tenestemottakar betalar døgntariff for korttidsplass i inntil 60 døgn per år. Etter dette blir eigenbetalinga som ved langtidsopphald. Kommunestyret vedtek betalingsattsane. - Avlastingsplass er vederlagsfritt.

Øygarden kommune
Tenestestandard for pleie og omsorgstenester

7	Forventningar knytt til tenestemottakar/pårørande	<ul style="list-style-type: none"> • Tenestemottakar og påørande er innforstått med at opphaldet er tidsavgrensa • Mottakar og påørande har eit mål for opphaldet • Tøy og andre eigendelar er merka., og tøy som krev skånsam vask vert vaska heime • Verdisaker bør ikkje oppbevarast på rommet • Retningsliner for tobakk og alkohol vert overhaldne • Tenestemottakar/pårørande oppgjev namn på den som skal være næraste påørande • Påørande skal som hovudregel følgje til tannlækjar, undersøkingar, sjukehus o.l • Det er ikkje høve til å gi gåve til tenesteytar
8	Tenester som mottakar må betale sjølv	<ul style="list-style-type: none"> • Frisør • Fotpleie • Aviser • Hygieneartiklar • Transport mellom heim og avlastning / korttidsopphald
9	Søknad/sakshandsaming	<ul style="list-style-type: none"> • Søkjar eller hjelpeverje/pårørande må skriva under søknadsskjema • Administrasjonen av korttids- og avlastningsplass i institusjon ligg til Pleie- og omsorgseininga • Alle som søker vert kontakta av sakshandsamar innan 14 dagar • Eit tverrfagleg team vurderer og prioriterer inntak i institusjon • Klage på vedtak kan sendast kommunen innan 3 veker. Dersom klagen ikkje vert teken til følgje, er Fylkesmannen i Hordaland klageinstans
10	Andre tilhøve	Private eigendelar er ikkje forsikra av kommunen. Eigendelar som ved uhell vert øydelagt av personalet vert erstatta.
11	Tenesteytar	Sjukepleiar, hjelpepleiar, omsorgsarbeidar, assistentar, fysioterapeut, ergoterapeut og lege. Evt. studentar og lærlingar.

TENESTESTANDARD FOR LANGTIDSPASS I INSTITUSJON

1	Tenesteområde for standard	Langtidsplass i institusjon
2	Kjenneteikn på tenestemottakar	Personar som ikkje lenger kan bu i eigen heim med årsak i sjukdom, eller som har omfattande funksjonssvikt, og som har behov for døgnkontinuerleg tilsyn, pleie- og omsorg.
3	Tenester institusjonen skal tilby	<ul style="list-style-type: none"> • Hjelp til å dekkja grunnleggjande fysiske, psykiske, sosiale, åndelege og kulturelle behov • Vedlikehald av, og kompensasjon for reduserte/ tapte funksjonar • Tilpassing av hjelpemidlar • Hjelp til å forstå og akseptera sin nye livssituasjon • Tilrettelegging av ein meningsfylt kvardag
4	Mål for tenesta	<p>Tenestemottakar har eit trygt og meningsfullt tilvære ved at:</p> <ul style="list-style-type: none"> - dei vert respektert som enkeltindivid - dei føler tryggleik - dei får hjelp til å førebyggje og avgrense omfanget av sjukdom og lindring av lidingar og smerte
5	Lovheimel	Lov om helsetjenesten i kommunene § 1-3
6	Tenesta skal ha slik standard	<ul style="list-style-type: none"> • Alle har mål og tiltaksplanar • Alle skal ha primærkontakt • Hjelp til eigenomsorg i samsvar med egne ressursar • Det vert lagt til rette for å oppnå optimale funksjonsnivå • Fysio- og ergoterapiteneste etter tilvisning • Lækjartilsyn ved behov • Tilsyn/behandling av tannlækjar frå folketannrøkta • Pleiepersonalet er tilgjengeleg heile døgeret • Sjukepleiefagleg vurdering og oppfølging • Einerom med dusj og toalett • Ektepar kan få lagt til rette slik at dei kan bu saman • Pleie, omsorg og behandling ved livets slutt • <u>Eigenbetaling:</u> <ul style="list-style-type: none"> Det vert rekna vederlag for opphald i institusjon i samsvar med gjeldande lov og forskrift. For innleggingsmånaden er opphaldet gratis. Dersom bebuar har vore inne på kortidsopphald over 60 døger i innleggingsåret, vert det kravd betaling f.o.m. innleggingsdato

Øygarden kommune
Tenestestandard for pleie og omsorgstenester

7	Forventningar knytt til mottakar og pårørande	<ul style="list-style-type: none"> • Pårørande melder frå om flytting til Folkeregisteret • Pårørande melder flytting av telefon og adresseforandring til posten • Pårørande står for merking av privattøy o.l. • Rommet kan som hovudregel møblerast etter eige ønskje • Pårørande skal som hovudregel følgja til tannlækjar, undersøkingar, sjukehus o.l. • Tenestemottakar/pårørande oppgjev namn på den som skal være næraste pårørande • Det er ikkje høve til å gi gåve til tenesteytar
8	Tilleggtjenester som mottakar må betala sjølv	<ul style="list-style-type: none"> • Hår og fotpleie • Aviser • Telefon • Hygieneartiklar
9	Søknad/sakshandsaming	<ul style="list-style-type: none"> • Søkjar eller hjelpeverje/pårørande må skriva under søknadsskjema • Langtidsplass i institusjon kan verta gitt ved Tednebakkane omsorgssenter eller ved kjøp av plass utanfor kommunen. Pleie- og omsorgseininga administrer tenesta • Søknaden skal sendast til Pleie- og omsorgseininga, Tednebakkane omsorgssenter, 5337 Rong • Alle som søker vert kontakta innan 14 dagar av ein sakshandsamar • Ein tverrfagleg nemnd vurderer og prioriterer inntak i institusjon • Klage på vedtak kan sendast kommunen innan 3 veker. Ved evt. ny klage er Fylkesmannen i Hordaland rett klageinstans • Bebuar kan etter eige ønskje skrive seg ut av institusjonen.
10	Andre tilhøve	Private eigendelar er ikkje forsikra av kommunen. Eigendelar som ved uhell vert øydelagt av personalet vert erstatta.
11	Tenesteytar	Sjukepleiar, hjelpepleiar, omsorgsarbeidar, assistentar, fysioterapeut, ergoterapeut og lege. Evt. studentar og lærlingar.

TENESTESTANDARD FOR DAGTILBOD FOR ELDRE

1	Tenesteområde for standard	Dagtilbod ved Tednebakkane omsorgssenter
2	Kjenneteikn på tenestemottakar	Heimeverande som treng: - tilsyn - enkel hjelp og tilrettelegging - aktivisering
3	Behov tenesta skal dekkja	- tilsyn - aktivitet - sosialt samvær - ernæring - trening
4	Mål for tenesta	Medverka til å skapa inspirasjon og trivsel i kvardagen, og til å oppretthalda funksjonsnivå. Gjere tilhøva slik at tenestemottakar kan utsetje behovet for døgnopphald.
5	Lovheimel	Lov om sosiale tenester § 4-2
6	Tenesta skal ha slik standard	<ul style="list-style-type: none"> • Dagtilbodet er opent kvardagar frå kl 0900 til kl 1500 • Måltid som vert servert er frukost, middag og kaffi • Vatn – saft – frukt etter behov • Tilrettelagde aktivitetar • Transport mellom heim og dagtilbodet • Eigenbetaling: Tenestemottakar betalar ein fast pris pr dag. Kommunestyret vedtek satsen. Rekning vert sendt 1 gong pr månad
7	Forventningar knytt til mottakar og pårørande	<ul style="list-style-type: none"> • Respektera og ta omsyn til andre på avdelinga • Delta i felles aktivitetar • Gje melding dersom ein ikkje kan møta • Tenestemottakar/pårørande oppgjev namn på den som skal være næraste pårørande • Det er ikkje høve til å gi gåve til tenesteytar
8	Søknad/sakshandsaming	<ul style="list-style-type: none"> • Søknaddskjema skal vert underteikna av søkjar eller hjelpeverge • Eit tverrfagleg team vurderer og prioriterer inntak på dagavdelinga
9	Tenesteytar	Sjukepleiar, hjelpepleiar, assistent og aktivitør

TENESTESTANDARD FOR DAGTILBOD FOR FUNKSJONSHEMMA

1	Tenesteområde for standard	Dagtilbod ved Ternholmsenteret
2	Kjenneteikn på tenestemottakar	Psykisk utviklingshemma, hjerneskadde og / eller psykisk sjuke som treng eit varig aktivitetstilbod
3	Behov tenesta skal dekkja	<ul style="list-style-type: none"> • Eigenomsorg • Oppretthalda og/eller utvikla funksjonsnivå • Gi høve til å delta i fellesskap • Kjenne tryggleik • Verta sett og høyr
4	Mål for tenesta	Gje trening og aktivisering med utgangspunkt i den einkilde sine føresetnader, slik at fysisk, psykisk og sosial utvikling vert fremja som del av eit totaltilbod
5	Lovheimel	Lov om sosiale tenester § 4-2 a)
6	Tenesta skal ha slik standard	<ul style="list-style-type: none"> • Dagtilbodet er opent kvardagar frå kl 0900 til kl 1500 • Dagtilbodet legg vekt på å vera ein meningsfull møteplass. Gjennom aktivitet og sosialt samver er målet å skapa inspirasjon og trivsel. Den einkilde sine ressursar og moglegheiter skal danna grunnlag for samhandling og aktivitet • Måltid som vert servert er lunsj • Tilrettelagde aktivitetar ut frå brukar sine føresetnader • Trening og fysisk aktivitet • Høve for å vere med på matlaging og delta på fellesmåltid • Transport mellom heim og dagtilbodet • Eigenbetaling: Tenestemottakar betalar ein fast pris pr dag til dekking av matutgifter. Kommunestyret fastset satsen. Rekning vert sendt 1 gong pr månad
7	Forventningar knytt til mottakar/pårørande	<ul style="list-style-type: none"> • Gje melding dersom ein ikkje kan møte • Tenestemottakar/pårørande oppgjev namn på den som skal vere næraste pårørande
8	Søknad/sakshandsaming	<ul style="list-style-type: none"> • Søknaddskjema skal vert underteikna av søkjar eller hjelpeverge • Eit tverrfagleg team vurderer og prioriterer inntak på dagavdelinga
9	Tenesteytar	Miljøterapeut, miljøarbeidar, aktivitør, assistent

TENESTESTANDARD FOR PSYKIATRITENESTA

1	Tenesteområde for standard	Personretta psykiatrisk sjukepleie, samt ulike aktivitetstilbod, bl.a. dagsentertilbod
2	Kjenneteikn på tenestemottakar	Psykiatritenesta er ein del av helse- og leegeininga og rettar seg mot barn og vaksne med ulike psykiske problem og menneske i livskrise
3	Behov tenesta skal dekkja	<ul style="list-style-type: none"> • Oppfølging, støttesamtalar og helsefremjande tiltak • Gi høve til å delta i fellesskap • Medverka til tryggleik og stabilitet • Verta sett og høyr • Hjelp til sjølvhjelp
4	Mål for tenesta	<ul style="list-style-type: none"> • Å yta heilskapleg teneste i høve tenestemottakar sine fysiske, psykiske, åndelege og sosiale behov • Leggja til rette for god livskvalitet ved å byggja opp under mottakaren sine ressursar og så langt råd er, hindra at svikt oppstår og får utvikla seg • Gje aktivisering i grupper, bl.a. gjennom dagsentertilbod • Å hjelpe den einskilde til større innsikt i eigen situasjon • Hjelp til å meistra dagleglivet og gje sosial trening • Gje hjelp og støtte i heimen
5	Lovheimel	Lov om helsetjenesten i kommunene § 1-3
6	Tenesta skal ha slik standard	<ul style="list-style-type: none"> • Når det vert teke kontakt om behov for psykiatrisk teneste, vert det gjort avtale om kartleggingssamtale. • Tildeling tenester skjer etter individuell og fagleg vurdering. Hjelpa vert formidla og samordna med aktuelle samarbeidspartar i samråd med tenestemottakar. • Tenesta omfattar m.a. støttesamtalar, oppfølging, rettleiing, aktivisering i grupper, dagsentertilbod (interkommunalt samarbeid) og fysisk aktivitet som bading i terapibasseng og turar i skog og mark. • Ved behov kan tenesta omfatta transport til og frå tenestetilbodet. • Tenesta skal gi hjelp til sjølvhjelp m.a. ved å leggja tilrette for å utvida det sosiale nettverket, klargjering for arbeidslivet eller bu- og reisetrening. • Tenesta vert tildelt i enkeltvedtak. Det går fram av vedtaket kva teneste som vert ytt. • Tenesta vert primært ytt på dagtid måndag – fredag. • Tenesta er gratis med unntak av eventuelle turar, materiell, mat, medisinar o.l.

Øygarden kommune
Tenestestandard for pleie og omsorgstenester

7	Forventningar knytt til tenestemottakar/pårørande	<ul style="list-style-type: none"> • Tenestemottakar må saman med fastlegen vurdere om ein er psykisk sjuk og ut frå dette avgjera om psykiatritenesta og/eller dagsentertilbodet er eit eigna tilbod. • Tenestemottakar skal så tidleg råd er melde frå ved endring i hjelpebehovet, ved innlegging i institusjon eller er bortreist. • Tenestemottakar må respektera og ta omsyn til dei andre på dagsenteret. • Vera medansvarleg i dei ulike aktivitetane så langt råd er. • Tenestemottakar har ikkje høve til å gi gåver til tenesteytar. • Tenestemottakar/pårørande oppgjev namn på den som skal være næraste pårørande. • Tenestemottakar medverkar til at tenesteytar har eit forsvarleg arbeidsmiljø med tanke på røyk, romtemperatur og liknande
8	Søknad/sakshandsaming	<ul style="list-style-type: none"> • Brukarar av psykiatritenesta vert hovudsakleg henvist frå andre i hjelpeapparatet som fastlegen, sosialtenesta, heimesjukepleien, NAV m.fl. • Tenesta har utarbeida eige søknadsskjema • Tilbod vert vurdert ut frå lovkrav, behov og interesser • Den daglege administrasjon av psykiatritenesta er lagt til Helse- og legeeininga • Klage på vedtak kan sendast kommunen innan 3 veker. Fylkesmannen i Hordaland er endeleg klageinstans
9	Tenesta omfattar ikkje	<ul style="list-style-type: none"> • Fysisk stell og pleie • Vaksinerings • Blodprøve
10	Tenesteytar	Psykiatrisk sjukepleiar, hjelpepleiar, omsorgsarbeidar, assistent

TENESTESTANDARD FOR BRUKARSTYRT PERSONLEG ASSISTENT

1	Tenesteområde for standard	Brukarstyrt personleg assistanse er ei alternativ organisering av praktiske og personretta tenester for sterkt funksjonshemma personar.
2	Kjenneteikn på tenestemottakar	Sterkt funksjonshemma person som har trong for bistand i dagleglivet, både i og utanfor heimen. Det vert lagt til grunn at bistandsbehovet er så stort, eller av slik art, at det er meir føremålstenleg å nytta brukarstyrt personleg assistent i staden for tradisjonelle omsorgstenester for å kunne gi eit aktivt og meningsfylt tilvære saman med andre.
3	Behov tenesta skal dekkja	<ul style="list-style-type: none"> • Eigenomsorg • Oppretthalda og/eller utvikla funksjonsnivå • Gi høve til å delta i fellesskap og samfunnsliv • Kjenne tryggleik
4	Mål for tenesta	Målsetjinga med denne tenesta er å medverka til at brukaren får eit aktivt og mest mogeleg uavhengig liv, trass i sterk funksjonshemming.
5	Lovheimel	Lov om sosiale tenester § 4-2 a), jf § 4-3
6	Tenesta skal ha slik standard	<ul style="list-style-type: none"> • Hjelp til sjølvhjelp ved aktivisering av eigne ressursar • Medverka til aktiv deltaking og meningsfylt tilvære saman med andre • Hjelp til praktisk bistand og personretta tenester • Brukarstyrt organisering av tenestetilbodet • Det kan verta krevd eigenbetaling. Kommunestyret fastset satsar.
7	Forventningar knytt til mottakar/pårørande	<ul style="list-style-type: none"> • Brukaren eller føresette (verje) har rolla som arbeidsleiar og påtek seg ansvar for organisering og innhald i forhold til behov • Innanfor dei timerammene som kommunen sitt vedtak om praktisk bistand tilseier, kan brukaren i prinsippet styra kven som skal vera hjelpar, til kva kor og til kva tid hjelpa skal bli gitt. • Brukarstyringa skal vera eit middel til å medverka til betre ressursutnytting, fleksibilitet og kvalitetssikring • Brukaren plikta å gi melding omgåande dersom situasjonen og behovet endrar seg
8	Søknad/sakshandsaming	<ul style="list-style-type: none"> • Søknadskjema skal vera underteikna av søkjar eller hjelpeverge • Barnevern og sosialeininga administrerer ordninga med brukarstyrt personleg assistent • Vedtaket kan påklagast. Klagen skal sendast kommunen. Dersom klagen ikkje vert teken til følge, er Fylkesmannen i Hordaland endeleg klageinstans
9	Tenesteytar	Assistent

TENESTESTANDARD FOR MATOMBRINGING

1	Tenesteområde for standard	Middagsporsjon levert til heimebuande
2	Kjenneteikn på tenestemottakar	Dei som grunna helsesvikt eller skade ikkje klarar å laga middag
3	Behov tenesta skal dekkja	Medverka til at personar med helsesvikt kan få hjelp til næringsfull mat, og såleis kunne bu lenger i eigen heim
4	Mål for tenesta	Å syta for at mottakar av varm mat får teke vare på sitt ernæringsbehov
5	Lovheimel	Middagsombringing er eit sørvstilbod som ikkje er heimla i lov eller forskrift
6	Tenesta skal ha slik standard	<ul style="list-style-type: none">• Middagen vert levert frå kjøkkenet på Tednebakkane omsorgssenter• Middagen skal vera næringsrik, fint tillaga og smaka godt• Middagen vert kjørt ut inntil 2 gongar pr veke• Det vert rekna eigenbetaling for matombringing. Kommunestyret fastset sats
7	Forventningar knytt til tenestemottakar/pårørande	<ul style="list-style-type: none">• Brukar pliktar å gi melding dersom behovet for middagsombringing endrar seg• Brukar må skaffa mikrobølgeovn
8	Søknad/sakshandsaming	Pleie- og omsorgseininga som administrerer ordninga med matombringing Søknadane vert fortløpande vurdert Einingsleiar avgjer om det er trong for å fylla ut eige søknadsskjema

TENESTESTANDARD FOR TRYGDE- OG OMSORGSBUSTADAR

1	Tenesteområde for standard	Trygde- og omsorgsbustad
2	Kjenneteikn på tenestemottakar	Eldre, funksjonshemma, psykisk sjuke eller andre som treng tilrettelagt bustad
3	Behov tenesta skal dekkja	Tilrettelagt bustad tilpassa helse- og funksjonsvanskane til bebuaren, skal kunne gjera det mogeleg for desse å bu i eigen bustad lengst mogeleg. Ved å få ein lettstelt, moderne bustad som ligg nær butikk og sørviskontor, opplever mange at dei kan halda fram med å bu i eigen bustad
4	Mål for tenesta	<ul style="list-style-type: none"> • Gi høve til å bu og vera sjølvhjelpen i eigen heim lengst mogeleg • Førebyggja innlegging i institusjon
5	Lovheimel	Lov om sosiale tenester §§ 3-4 og 4-2 d)
6	Tenesta skal ha slik standard	<ul style="list-style-type: none"> • Bustaden skal ha livsløpsstandard, dvs at dei er tilpassa for rullestolbrukarar og er tenlege for ulike fysiske funksjonshemmingar • Om naudsynt kan bustaden tilpassast særskilde funksjonshemmingar • Bustadane er på førehand definerte for ulike brukargrupper (eldre, psykisk utviklingshemma, psykisk sjuke osv.) • Med unntak av Ternholmsenteret, har bustadane ikkje fast personale, men bebuarane får heimehjelp, heimesjukepleie, tryggleiksalarm m.m. ut frå kva behov den einskilde har • Bustadane er utan innskot, men ein betalar løpande husleige pr mnd • Det er mogeleg å søkja bustønad frå Husbanken for å redusera buutgiftene
7	Forventningar knytt til tenestemottakar/pårørande	Leigekontrakt som regulerer leigetilhøvet, skal underskrivast av brukar eller hjelpeverge
8	Søknad/sakshandsaming	<ul style="list-style-type: none"> • Dei kommunale bustadane vert administrert av barnevern og sosialeininga • Søknad kan sendast på fastsett søknadsskjema. Når det vert ledig bustad vert innkomne søknadar vurderte av eit tverrfagleg team. Melding om tildeling vert berre gitt til den som er tildelt bustad. Dei andre søknadane vert vurderte på nytt når det vert ledig bustad

TENESTESTANDARD FOR AMBULERANDE VAKTMEISTER

1	Tenesteområde for standard	Ambulerande vaktmeister
2	Kjenneteikn på tenestemottakar	Heimebuande som m.a. treng hjelp til bringing / henting / montering av hjelpemidlar, ene handverksoppgåver eller hjelp til ombygging (kostnadsoverslag , søknad o.l.)
3	Behov tenesta skal dekkja	Ambulerande vaktmeister kan hjelpa med: <ul style="list-style-type: none"> • Å bringa / henta og montera hjelpemidlar • Kontroll og enkle reparasjonar av tryggleiksalarmar • Utføra enkle handverksoppgåver • Anna etter søknad / vurdering
4	Mål for tenesta	Gi høve til å bu og vera sjølvhjelpen i eigen heim lengst mogeleg
5	Lovheimel	Ambulerande vaktmeister er eit sørvistilbod og er ikkje heimla i lov eller forskift
6	Tenesta skal ha slik standard	<ul style="list-style-type: none"> • Arbeidet vert utført på ein fagleg forsvarleg måte • Behov for hjelpemidlar ved t.d. alvorleg sjukdom vert prioritert • Brukar får melding dersom vaktmeister vert forseinka eller forhindra til å møte etter avtale • Vaktmeister tenesta er vederlagsfri
7	Forventningar knytt til tenestemottakar/pårørande	<ul style="list-style-type: none"> • Brukar sjølv gjer dei oppgåvene ein klarar • Gir beskjed dersom ein ikkje er heime til avtalt tid • Er tilstades i heimen når arbeidet vert utført • Det er ikkje høve til å gi gåve til tenesteytar • Medverkar til at tenesteytar har eit forsvarleg arbeidsmiljø med tanke på røyk, romtemperatur, o.l.
8	Søknad/sakshandsaming	<ul style="list-style-type: none"> • Ambulerande vaktmeister inngår i pleie- og omsorgseininga • Brukar vert kontakta innan ei veke etter at vaktmeister har motteke ønskje om hjelp
9	Tenesta omfattar ikkje	<ul style="list-style-type: none"> • Vedsaging • Snømåking • Maling og anna vedlikehald av bustaden
10	Tenesteytar	Vaktmeister

TENESTESTANDAR FOR ERGOTERAPI

1	Tenesteområde for standard	Ergoterapitenesta
2	Kjenneteikn på tenestemottakar	Menneske i alle aldrar, som har, eller står i fare for å få problem med å fungera i dagleglivet
3	Behovet tenesta skal dekkja	Ergoterapeuten arbeider med rehabilitering og habilitering gjennom individuelle tiltak for brukarar i alle aldersgrupper
4	Mål for tenesta	Målet med ergoterapi er å fremme menneske si helse ved å <ul style="list-style-type: none"> · gi hjelp til auka meistring og livskvalitet · legge til rette for aktivitet og deltaking på ulike arena.
5	Lovheimel	Lov om helsetenesta i kommunane § 1-3 Forskrift om habilitering og rehabilitering
6	Tenesta skal ha slik standard	<p>Råd, rettleiing og tverrfagleg samarbeid med andre tenesteytarar</p> <p>Kartlegge:</p> <ul style="list-style-type: none"> · Funksjonsvurdering, miljøkartlegging og aktivitetsanalyse <p>Hjelpe brukaren til:</p> <ul style="list-style-type: none"> · organisering av kvardagen, motivasjon og bevisstgjeriing av eigen situasjon. <p>Førebyggjande tiltak i høve:</p> <ul style="list-style-type: none"> · brann, fallskader, ledd-muskel-skjelett skader <p>Trening av:</p> <ul style="list-style-type: none"> · oppgåver i dagleglivet, kognitiv funksjon, finmotorisk funksjon o.a. <p>Tilrettelegging av arbeidsplass:</p> <ul style="list-style-type: none"> · for elevar i skulen og for voksne innbyggjarar (brukarar) i kommunen <p>Råd og rettleiing om:</p> <ul style="list-style-type: none"> · forflytning, ergonomi, leddvern o.a., og om tilpassing av bustad, fysiske endringar i miljøet, tilpassing av bil, rehabiliteringstiltak osv. <p>Hjelpemidler:</p> <ul style="list-style-type: none"> · Kartlegge, vurdere, prøve ut, formidle, tilpassing og opplæring i bruk av hjelpemidler <p>Ergoterapitenesta er vederlagsfri</p>

Øygarden kommune
Tenestestandard for pleie og omsorgstenester

7	Forventningar knytt til tenestemottakar/pårørande	<ul style="list-style-type: none"> • Brukar sjølv gjer dei oppgåvene ein klarar • Er aktiv med i vurdering av behov og tiltak • Dei som kan/klarar det, er aktiv med i dialog og oppfølging av tiltak • Gir beskjed dersom ein ikkje er heime/kan møte til avtalt tid • Det er ikkje høve til å gi gåve til tenesteytar • Medverkar til at tenesteytar har eit forsvarleg arbeidsmiljø i heimen med tanke på røyk, romtemperatur o.l.
8	Søknad/sakshandsaming	<ul style="list-style-type: none"> • Ergoterapitenesta er organisert i Pleie- og omsorgseininga og i Helse- og legeeininga • Tilvising til ergoterapeut kan skje både frå brukar sjølv, frå pårørande, frå pedagogisk- eller helsepersonell, NAV, og 2.linjetenester. • Skjema for tilvising er utarbeidd og bør nyttast • Ventetida frå tilvising er motteken og til saka vert påbegynt varierer. Då det er generelt stor pågang må ein pårekna noko ventetid • Enkelte saker vert prioriterte. Dette vert vurdert ut frå tilvisingsgrunn i kvart einskild tilfelle
9	Tenesteytar	Ergoterapeut

TENESTESTANDAR FOR FYSIOTERAPI

1	Tenesteområde for standard	Fysioterapitenesta
2	Kjenneteikn på tenestemottakar	Fysioterapeuten yter tenester til alle aldersgrupper, med hovudvekt på barn, funksjonshemma og eldre
3	Arbeidsområde	Kommunefysioterapeuten arbeider med habilitering og rehabilitering gjennom arbeid med brukarar på helsestasjon, barnehage og skule, i heimen, på omsorgssenteret, dagsenter eller i fysioterapeuten sine lokale på Helse- og tenestesenteret
4	Mål for tenesta	Å betra eller vedlikehalda brukaren si funksjonsevne eller kompensera for funksjonssvikt, slik at dei kan meistra livssituasjonen sin best mogleg
5	Lovheimel	Lov om helsetjenesten i kommunene § 1-3
6	Tenesta skal ha slik standard	<ul style="list-style-type: none"> • Undersøking og vurdering • Behandling/trening/oppfølging • Rettleiing av brukarar, personale og pårørande • Tverrfagleg arbeid i forhold til habilitering og rehabilitering • Informasjon og samarbeid med ulike instansar, t.d. skule, barnehage, omsorgssenteret, heimesjukepleien, ergoterapeut, NAV, osv. • Det kan vera eigenbetaling for fysioterapitenesta
7	Forventningar knytt til tenestemottakar / pårørande	<ul style="list-style-type: none"> • Møter til avtalar • Gir beskjed dersom ein ikkje kan møta/er heime til avtalt tid • Det er ikkje høve til å gi gåve til tenesteytar • Medverkar til at tenesteytar har eit forsvarleg arbeidsmiljø i heimen med tanke på røyk, romtemperatur, o.l.
8	Søknad / sakshandsaming	<ul style="list-style-type: none"> • Fysioterapitenesta er organisert i Helse- og legeeininga • I regelen må det føreliggja rekvisisjon frå lege for å få behandling hos fysioterapeut • Anna helsepersonell kan og tilvisa for vurdering, funksjonskartlegging, rettleiing o.l. Eige henvisingsskjema er utarbeida • Ventetida frå tilvising er motteken er 2 veker • Enkelte saker vert prioriterte hurtigare. Dette vert vurdert ut frå tilvisingsgrunn i kvart einskild tilfelle
9	Tenesteytar	Fysioterapeut